



Nesjarane - vert dei sterke også i år?

Fredag kveld klokka 20 startar den nye quiz-sesongen på Systrene Nilsen og dagleg leiar Karoline Neset håpar og trur på stor oppslutnad sjølv om det førebels har meldt seg berre 2 lag, Leiar denne gongen er Morten Nilsen, tidlegare leiar av vertshuset.

Neste gong vil han bli avløyst av ein no ferierande Bjørn Sture Hillestad, som etter kvart har fått ein solid og respektert posisjon som profesjonell utklekkar av intrikate spørsmål og som programleiar med malmrøyst.

Kven kom først,
høna eller egget?

Kven vann fotball
EM 2012?

? QUIZ ?

Fredag 06 juli klokka 20.00



For påmelding av lag ring
91002207, eller send oss ein
mail på

systemene.nilsen@gmail.com

Velkomne!

Kor høg er
Ulvanåsa?

[Slik lokkar Systemene Nilsen quiz-deltakarar](#)

Som mange gonger før vil Nesjarane stilla med eit favorittstempel hvis dei blir med, men ein skal ikkje sjå bort frå at dei kan bli utfordra av nykomponerte lag, eventuelt frå Husnes eller Rosendal. Allereie for eit år sidan hadde dei

teke heim 6 sigrar av 8 moglege her i bygda. Dei har hatt varierende bemanning, men alltid ein solid familiekjerne med basis på Neset. Ved fråfall har familien aldri hatt problem med å stilla med vikarar.

Kaaroline ventar fleire innmeldingar på 910 02207 eller systrene.nilsen@gmail.com

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen



[King Kenny - vert dei sterke denne sesongen?](#)